

Årsmelding 2013

Vang Frivilligsentral



Innleiing

I januar starta Marte Tangen i stillinga som dagleg leiar for Vang frivilligsentral. Ho hadde kontor på kommunehuset og arbeidde med research og planlegging fram til det nye kontoret på Vangstunet sto klart. 20. mars var pressa og nærare 60 personar møtt fram til offisiell opning med avduking av skilt, underhaldning og taler. Sidan har sentralen halde ope tre dagar i veka.



Sentralen har eiga nettside; www.vang.frivilligsentral.no
og eiga facebookside; www.facebook.com/vangfrivilligsentral

Kontakt frivilligsentralen@vang.kommune.no / 61 36 94 25 / 46 81 64 73

Møte mellom menneske

Styre

Styre vart vald av Hovedutval for levekår i januar og konstituerte seg sjølv på første styremøte som følgjer:

Carl Philip Weisser	styreleiar
Elisabeth Sparstad	nestleiar
Solveig Rønneberg	representant frå administrasjon
Margrete Fagerheim	representant frå Hovedutval for levekår
Kristoffer Nyseth	

Fulan Yang	vara
Ola Grøv	vara
Erik Martinsen	vara

I mai flytta Kristoffer frå Vang, og på styremøte 12. juni vart Erik tatt inn i styret og vi har sidan fungert med to vararepresentantar.

Styret har hatt 6 styremøte. Hovedutval for levekår er årsmøte.



Økonomi

Sentralen har i 2013 fått 310 000 kr i tilskott frå Kulturdepartementet og 1 000 kr frå Vang Sparebank. Samla driftsutgifter vart på 307 000 kr.

I tillegg har sentralen, i samarbeid med Vang folkebibliotek, Vang internasjonale kulturgruppe, flyktningetenesta, NAV og Innovangsjon, vore med på ulike prosjekt som til saman har tatt i mot 507 000 kr i prosjektmidlar, fordelt slik:

Prosjekt	Eigar	Søkt hos	Tilsagn
Kulturmøter	VIKG	Oppland fylkeskommune	36 000 kr
Global døråpner	biblioteket	Oppland fylkeskommune	30 000 kr
Dialogforum	biblioteket	Oppland fylkesbibliotek	21 000 kr
Integrerende arbeidsliv	Innovangsjon	Kom.-og Regionaldep.	420 000 kr

Ein del av desse midlane er overført til 2014.

Handlingsplan

Handlingsplan for 2013 vart vedteken på årsmøte i mars. Her vart dette peika ut;

Hovudmål: Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang

Visjon: Møte mellom menneske

Delmål 1: Vere ein sosial møteplass på tvers av generasjonar og kultur

Delmål 2: Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen

Delmål 3: Auke det eksisterande tilbodet der det er behov

Delmål 4: Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda

Dette har vore ei rettesnor for det daglege arbeidet, men kva for aktivitetar vi har gjennomført har vore sterkt prega av kva for idear og initiativ dei frivillige har hatt.

Frivillige

- 66 har registrert seg. I tillegg har vi rekruttert 10 andre til spesifikke oppgåver.
- Til saman har dei utført om lag 285 timar med frivillig arbeid.
- Av dei frivillige er 48 menn og 28 kvinner.
- 48 er bufaste og 28 bur på mottakssenteret.
- Omtrentleg fordeling av alder: --> 30 år: 30% , 30 - 60 år: 40% , 60 år --> : 30%
- Ved utgangen av 2013 har 11 flytta frå Vang.

Tilbod

Dette er tilboda vi har fått opp i løpet av året og kor mange som har nytta dei:

Leksehjelp	3	Turven	1	Språkkontakt	5
Hjelpetenester	25	Besøksven	0	Velkomstven	4

Leksehjelp har vore eit tilbod lærarane i 1. til 7. trinn på VBU har fått gi til elevar som dei meiner treng det mest. Vi ønskjer oss fleire leksehjelpar så vi kan tilby dette til fleire.

Hjelpetenester har vore korte oppdrag som til dømes å handle, pante flasker, rake lauv, måke snø, og diverse anna hage- og dugnadsarbeid.

Vi held oss unna oppdrag som profesjonelle gjer - som til dømes måling, eller som private gjer mot betaling - som til dømes brøyting, eller som utgjer ein fare for dei frivillige - som til dømes å måke tak.



Arrangement

Sentralen har, mykje i samarbeid med biblioteket, gjennomført ein rekke arrangement og prosjekt:

Grønsakskurs

Elisabeth Sparstad har på eiga initiativ leia grønssakskurset "Frå frø til gryta" gjennom heile våren, sumaren og hausten. Om lag 10 deltakarar.



Sykkelmekkekveld

13. mai

Om lag 20 stk fikk hjelp frå 2 frivillige til å reparere syklane sine.



Årsmelding 2013

13. mai

6 av dei som hadde meldt seg som besøksvener serverte vaflar og fortalde om frivilligsentralen til deltakarar på dagsenteret på Vangsheimen. Desse var mest interessert i tilbodet om hjelpetenester, og det har ikkje vorte nokon direkte aktivitet med besøksvener i etterkant.

Dialoggruppe

mai/juni

Frivillig Richard Dusabe tok initiativ til ei dialoggruppe, og laga saman med frivillig Erik Martinsen eit opplegg for 5 samlingar a 2-4 timar. Om lag 14 personar var med på prosjektet og lærte om konflikthandsaming, kulturforskjellar, dialog og mykje meir. Gruppa avslutta med guida tur på Valdres folkemuseum og middag på Mjøsvang kafé.



Debatt/dialogforum: "Kva vil eit regjeringsskifte bety for Vang?"

4. september

Samarbeid med biblioteket. 6 politikarar debatterte valet, Erik Martinsen var ordstyrar. Om lag 30 frammøtte.



Fleirkulturelt treff

29. juni, 21. september og 30. november

Frivillige Rima Servetauskiene og Milan Lolo tok initiativ til desse treffa, med ønskje om å danne eit nettverk for innvandrarar og andre som er interessert i å bli kjent med nye kulturar, og gjere det enklare å integrere seg i lokalsamfunnet. Om lag 30 personar møtte fram på kvart treff, og til saman har om lag 20 nasjonalitetar vore representert. Det første og siste treffet hadde vi på frivilligsentralen med kaker, underhaldning og samtale, det andre hadde vi på Torsheim med varm mat, historier og bilete frå 2 vertsländ.



“Camilla; ensom kvinne blant menn”, teater

25. september

Framsyning hovudsakleg i regi av biblioteket og den kulturelle spaserstokken.

Om lag 30 frammøtte.

Drakeverkstad med Christopher Jarratt (kulturmøter)

3. -4. oktober

Samarbeid med Vang internasjonale kulturgruppe og biblioteket.

Om lag 30 deltakarar fordelt på 2 dagar.



Dokketeaterverkstad med Ingunn frå Barne-TV (kulturmøter)

5. oktober

Samarbeid med Vang internasjonale kulturgruppe og biblioteket. 7 ungar deltok.



Fortellerverkstad med Fortellerhuset i Oslo (Global døråpner)

11. oktober

Samarbeid med biblioteket. Om lag 7 deltok.

Fortellerframsyning dagen etterpå med om lag 20 frammøtte.

“Boka eg aldri gløymer”, litteraturkveld

16. oktober

Hovudsakleg i regi av biblioteket. Om lag 30 frammøtte.

Eventyrstund

2. november

2 frivillige las eventyr for om lag 5 ungar med foreldre.



Debatt/dialogforum: "Sin tids Bin Laden?" med forfatter Øystein Morten

6. november

Samarbeid med biblioteket. Om lag 20 frammøtte.



"Ei stavkyrkje i bygda mi" - middelalderkveld med Elisabeth Sparstad og Legende

20. november

Samarbeid med biblioteket. Om lag 30 frammøtte.



Prosjekt:

Sansehage

Samarbeid med Vangsheimen. Frivillige skulle stelle med sansehagen gjennom sumaren og samtidig kunne involvere dei demente på avdelinga. Prosjektet stoppa opp dels fordi det var vanskeleg å følge opp grunna ferie, dels at dei frivillige meinte hagen trengte grundigare utbedring for å 'bli til noko' enn det dei kunne bistå med.

Integrerende arbeidsliv – eit bolystprosjekt

Saman med flyktningetenesta, NAV og Innovangsjon SA fikk frivilligsentralen i juni 420.000,- frå Kommunal- og regionaldepartementet til bolystprosjektet "Integrerende arbeidsliv". Prosjektet har som hovudmål å hjelpe busette flyktningar inn i arbeidslivet som eit ledd i å få dei til å bli i kommunen etter enda introduksjonsprogram. Sentralen sitt ansvar er dei frivillige bolystvenene som skal støtte arbeidssøkarane i ein ny og framand situasjon. Sentralen er også prosjektleiar. Prosjektet strekker seg inn i 2014/2015.

Velkomstvenner

Samarbeid med Innovangsjon SA. I tillegg til å tilby velkomstvenner til alle nytilflytta og andre som ønskjer det, har vi presentert mange nytilflytta på Fredagskos.



Samtalegruppe

I samarbeid med biblioteket starta vi opp samtalegruppe med utgangspunkt i avisa Klar Tale tre laurdagar før jul, med norsktrening som hovedmål.

Frivillige lag

Sentralen har prøvd å etablere kontakt med alle dei 41 frivillige laga i kommunen. I haust lagde vi ei brosjyre med oversikt over alle laga, ei oppsummering av frivilligsentralen sine aktivitetar samt kontaktinfo til dei viktigaste stadene å finne informasjon om Vang. Brosjyra vart distribuert til alle husstandar via menighetsbladet, og blir sendt til alle som flyttar hit via kommunen sin velkomstpakke. Sentralen har hjulpet enkelte av laga, hovudsakleg med marknadsføring og koordinering av arrangement.

Synlegheit

Sentralen har vore omtalt i media ved fleire høve, knytt til opprettinga, opninga, fleire av arrangementa og sist som ein del av årskavalkaden for Vang. Vi har også hatt inne annonser, notiser og pressemeldinger for mange av arrangementa, samt vore aktive på vangivaldres.no, vår eiga nettside, kommunen si heimeside og på facebook. Vi har hatt artiklar i alle menighetsblada som har kome ut dette året. Dagleg leiar har presentert sentralen på fleire tilstelningar der mange har vore samla, samt hatt to informasjonsmøter med bebruarane på mottakssenteret saman med biblioteket.

Kurs og konferanser

Dagleg leiar har vore på mellom anna 2 seminar med nettverksgrupppa (alle frivilligsentralane i Vest-Oppland), bolystseminar for Valdres (Rød tråd), "Slik lykkes vi med sysselsetting av innvandrere" (open regionkonferanse), nynorsk kurs og regionkonferanse for alle frivilligsentralane i region øst.

Måloppnåing knytt til målgruppene i Delmål 3 i handlingsplanen

3.1 Eldre og hjelpetrengande

Fleire og fleire kjenner til tilbodet om hjelpetenester og melder inn ulike behov. Heimehjelpene er flinke til å formidle dette tilbodet til sine brukarar. Tilbod om besøksven er ikkje nytta. Dagleg leiar har hatt dialog med Vangsheimen om ulike samarbeid som til dømes leseombod og besøksvenar på dagsenteret, vi har ikkje kome i gang med noko fast opplegg. Det finst eit potensiale for å nå enno meir ut til dei som 'ikkje skrik høgst'.

3.2 Asylsøkjjarar

Fleire av verkstadene og arrangementa har vore retta dels mot bebruarane på mottaks-senteret, og vi har hatt ein god dialog med leiinga. Behov som har blitt nemnt særskild av asylsøkjjarar er språkundervisning i sumarferien og turvener/aktivitetar ut i skog og mark. Vi opplever likevel at det aller viktigaste for dei vi har vore i kontakt med er å sjølv få bidra som frivillig. Å bruke kroppen, hjelpe andre og spele ein rolle i lokalmiljøet har vore sterke ønske frå mange - og dette har vore ein uvurderleg ressurs for sentralen!

3.3 Tilflytta

Tilbod om velkomstvenar, informasjon og brosjyre i kommunes sin velkomstpakke, oppsøkjande verksemd samt tett dialog med Innovangsjon. Presentasjon på Fredagskos. Fleirkulturelle treff.

3.4 Barn og unge

Verkstader, eventyrstund og tilbod om leksehjelp. Dette er elles den målgruppene vi har hatt minst kontakt med. Vi vil halde fram arbeidet med å få dialog med denne målgruppa i 2014.

Utfordringar

Vi klarer å løyse dei fleste hendvingingar vi får, men vi treng alltid fleire frivillige og særskild kring Øye, Ryfoss og Hensåsen. Vi må arbeide for å skape ei oppleving av at frivilligsentralen høyrer heile kommunen til.

Kommunen skal busette fleire flyktningar og det kjem stadig arbeidsinnvandrarar - vi ønskjer oss fleire språkkontakter og velkomstvenar/bolystvenar, særskild kring Ryfoss då mange er/blir busett der.

Oppsummering

Det har vore eit spanande og innhaldsrikt første-år for Vang Frivilligsentral. Vi har opplevd eit godt samarbeid mellom styret og dagleg leiar, og eit positivt engasjement frå frivillige og lokalbefolkninga elles. Vi er veldig nøgde med samarbeidet med biblioteket og meiner at vi har 'fått mykje gratis' ved å vere lokalisert ein stad som allereie er etablert for mange som ein møteplass.

Vi opplever ein pågang som viser at det er behov for ein frivilligsentral, og vi får stadig hendvingingar frå nye brukarar og innmelding frå nye frivillige.